

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 16. april 2015, kl.14.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= 5 og 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 12/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. FEBRUAR 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 25. februar 2015 blir godkjent.

SAK 13/15

ÅRSMELDING 2014 – SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.04.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 16.04.2015 blir vedteke som årsmelding 2014 for Sykkylven kontrollutval.

SAK 14/15

VEDKOMANDE FRIOMRÅDE I FØLGJE KOMMUNEDELPLAN 2003 - 2014

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.04.2015

Ole Bjørn Roald stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Ole Bjørn Roald samrøystes erklært inhabil.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil sjå nærare på saka og sender ho over til teknisk eining med oppdrag å gjere greie for saksbehandlinga og prosedyrer i slike saker.

Ole Bjørn Roald tok sete.

SAK 15/15

VEKOMANDE UTFAKTURERING KULTURHUSET

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 13.04.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka.

SAK 16/15

VEDKOMANDE BRUK AV RAMMEAVTALAR I SYKKYLVEN KOMMUNE

(Saka kom opp under eventuelt)

I sak 09/15 orienterte økonomisjef Bergstrøm om bruk av rammeavtalar i Sykkylven kommune. Utdrag av denne orienteringa følgjer her:

Kommunen har kome langt i å oppfylle lov om offentlige anskaffelser. Kommunen har omlag 70 rammeavtalar og eit samarbeid med Ålesund kommune. Kommunen bruker anbod på banktenester og på pensjon. For små oppdrag blir det ikkje brukt anbod, det blir for dyrt (vart det opplyst). Kommunen har ikkje rammeavtalar på gravearbeid og asfaltering. Det er venta forbetringar frå 1. januar 2015, men kommunen er ikkje heilt i mål på dette området og det skjer nok framleis ulovlege innkjøp.

I ovannemnde sak gjorde kontrollutvalet samrøystes vedtak om å ta saka til orientering.

Kontrollutvalet vil alt no kome tilbake til dette temaet med følgjande innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret ber om at arbeidet med å få rammeavtalane for offentlege innkjøp i Sykkylven kommune i samsvar med gjeldande lovverk blir intensivert, og spesielt at det snarast mogleg blir sett på områda graving og asfaltering.

Odd Jostein Drotninghaug leiar (sign.)	Sigmund Valbø nestleiar (sign.)	Grethe Melseth medlem (sign.)	Ole Bjørn Roald medlem (sign.)	Anita Søvik medlem (sign.)
--	---------------------------------------	-------------------------------------	--------------------------------------	----------------------------------